

---

Saksnr: 2021/5289-2  
Saksbehandlar: Kjetil Kristiansen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

## Redusert produksjon for turistruter - nettokontraktar båt

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon for Turistrute Hardanger frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand. Fylkesutvalet godkjenner at ruta vert drifta av fartøy med 112 pax, men Norled lyt setje inn båt tilsvarende kontraktskravet på 180 pax, dersom passasjermengd tilseier eit slikt behov.

2. Fylkesutvalet godkjenner Norled sin førespurnad om oppstart av produksjon av ruta Bergen-Flåm frå og med 21. juni, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesutvalet godkjenner ikkje Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men ber dei om å marknadsføre opningstid for ruta til og med 29. august. Det vil likevel vera mogleg for Norled å avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand.

3. Vederlaget til Norled skal reduserast med utgangspunkt i bortfall av budsjetterte variable kostnader i kontrakt.

### Samandrag

Saka omhandlar søknader frå operatøren Norled om redusert produksjon og sesong for to båtruter som er retta spesifikt mot turistmarknaden. Bakgrunnen for søknadane er at dei per i dag omtrent ikkje har motteke bestillingar på desse rutene som følgje av COVID-19 pandemien.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Søknad om endret produksjon av Flåm rute 2021
- 2 Søknad om endret produksjon Hardangerruten
- 3 Uttale frå Hardangerrådet - Turistbåtruta på Hardangerfjorden

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Norled fekk i 2019 tildelt ny kontrakt for drift av Turistrute Hardanger. I følgje kontrakten skal Norled for sesongen 2021 drifte ruta i perioden 1. april til 31. oktober. Ruta vert drifta med ein båt med kapasitet på 180 pax (passasjerar). Kontrakten er ein nettokontrakt der billettinntektene i følgje Norled utgjer om lag 70% av omsetjinga. I 2020 opplevde Norled ein stor svikt i turistreiser på sambandet og dei fekk løyve, etter vedtak i fylkesutvalet 28.05.2020, å utsetje oppstart til seinast 1. juli. Ruta starta opp 24. juni. Norled fekk også løyve til å avslutta sesongen 16. august i fjor.

På bakgrunn av erfaringane med svært låge reisetal i fjor, saman med at dei ikkje har mottatt bestillingar i år, søker Norled i brev av 02.02.2021, om løyve til å redusera perioden sambandet er opent i 2021 til perioden frå og med 21. juni til og med 8. august. I tillegg søker dei om å setje inn eit mindre fartøy i sambandet, med kapasitet på 112 pax, i perioden sambandet er opent.

I brev av 19.02.2021 uttalte Hardangerrådet seg til Skyss med omsyn til søknaden frå Norled om redusert produksjon for turistruta Hardanger i sesongen 2021. Hardangerrådet hadde inga kommentar til føreslått oppstart av sambandet, men dei var tydeleg på at sluttdato for båtruta bør setjast til 29.08.2021. Dette for at opningstida for sambandet skal vera føreseieleg for både det lokale næringslivet og for turistar som planlegg å vitje regionen.

Norled fekk i 2012 tildelt kontrakt om ekspressbåtsamband mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Kontrakten består av tre båtruter, der den eine ruta (Ruta mellom Bergen og Flåm) er ei rein turistrute som operatør pliktar å drifte i perioden frå 1. mai til 30. september. Denne kontrakten er også ein nettokontrakt, der billettinntektene i følgje Norled utgjer om lag 80% av omsetjinga. For ruta Bergen-Flåm, innvilga fylkesutvalet 28.05.2020 Norled sin søknad om utsett oppstart til seinast 1. juli 2020. Ruta starta opp 24. juni. Norled fekk også løyve til å avslutta sesongen 16. august i fjor.

Norled opplyser i brev av 02.02.2021 at dei per i dag har veldig få bestillingar på denne ruta, og at dei under normale tilhøve ville ha vore bortimot fullbooka på fleire avgangar spreidd utover sesongen. Norled erfarte i 2020 at marknaden berre bestod av norske reisande og at etterspurnaden var konsentrert til skuleferien. Norled søker difor om at ruta berre er open i perioden frå og med 21. juni til og med 8. august 2021.

Skyss har i skrivande stund ikkje lukkast å få ein uttale frå Aurland kommune med omsyn til søknaden frå Norled om produksjonsendring av sesongen for båtruta mellom Bergen og Flåm, sidan dei ønskjer ein eigen politisk behandling i kommunen med frist 15. mars. Høyringssvaret frå Aurland kommune vil leggjast fram separat i møtet, og fylkesrådmannen si innstilling vil ikkje ta omsyn til Aurland kommune sine eventuelle merknader.

Skyss har ikkje forhandla om mogleg kompensasjonsnedtrekk med Norled endå, men ein legg til grunn at partane nyttar same modell som ein vart einig om i tilsvarande situasjon for sesongen 2020. Vederlaget til Norled skal reduserast med utgangspunkt i følgjande:

- For ruta mellom Bergen og Flåm: Bortfall av tilskot for perioden ruta er innstilt.
  - For Turistrute Hardanger: Bortfall av budsjetterte variable kostnader i perioden ruta er innstilt.
- Skyss betalar kapitalkostnad i perioden ruta er innstilt. Dersom ein godtek 112 pax i staden for 180 pax, kan det kome ytterlegare reduksjonar i tilskot i perioden det er drift på Turistrute Hardanger.

Dette er estimert til å gje ei innsparing på om lag 2,6 millionar kroner for turistruta i Hardanger og ei innsparing på omlag 600.000 kroner for ruta til Flåm.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å gjere vedtak i denne saken.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Forslag til vedtak inneberer ein estimert innsparing for fylkeskommunen på om lag 3,2 millionar kroner.

**Klima:** Det ligg ein viss klimagevinst i at produksjon med tilnærma tomme båtar ikkje vert gjennomført i heile perioden.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant.

#### Konklusjon

Som nemnt er begge dei to kontraktane nettoavtalar der operatør sjølv har risikoen for inntektene. Det er likevel viktig at fylkeskommunen som kontraktspart utviser nødvendig lojalitet i avtaleforholdet, slik at vi bidreg til at våre operatørar ikkje lir unødvendig tap.

Det er i denne samanheng også relevant å nemne at Norled har retta krav mot fylkeskommunen for tapte inntekter som følgje av koronapandemien.

Fylkesrådmannen er kjent med at Hardangerrådet, som bidrar med 500 000 kroner i årleg medfinansiering av turistruta i Hardanger, er kritisk til at ruta avsluttar sesongen 8. august. Hardangerrådet sitt ønske er at turistruta er open til og med 29. august, slik at reiselivsverksemdene (hotell, serveringsverksemdar, aktivitetar og attraksjonar), samt turistane, får ein føreseieleg dato å forhalda seg til.

Som kontraktspart er det som nemnt ønskeleg at fylkeskommunen bidrar til at Norled ikkje lir unødvendig tap som følgje av COVID-19 pandemien. Avgjerda om kva som er riktig periode å halde opne rutene må såleis baserast på når det er tilstrekkeleg passasjergrunnlag til å drifte desse to rutene. Fylkesrådmannen vurderer på denne bakgrunn at Norled sin søknad om utsett oppstart av begge rutene til 21. juni bør bli innvilga, likevel slik at Norled skal overvake situasjonen og starte opp tidlegare dersom marknadssituasjonen endrar seg. Fylkesrådmannen tilrår ikkje å etterkoma Norled sitt ønske om å avslutte ruta 8. august, men tilrår heller at Norled lyt marknadsføre at ruta er open til og med 29. august. Det vil likevel vera tilrådeleg at Norled kan få avslutte produksjonen ved skulestart (16.08.2021), dersom det ikkje er grunnlag for vidare drift. Dette må varslast minimum 2 veker på førehand. Fylkesrådmannen tilrår også å etterkoma Norled med at turistruta i Hardanger kan driftast av fartøy med kapasitet på 112 pax, men at Norled lyt setje inn båt tilsvarande kontraktskravet på 180 pax, dersom passasjermengd tilseier eit slikt behov.